



## ÅRSMELDING FOR HOVUDSTYRET 2025

Styret har hatt denne samansetninga i perioden

Leiar	Arild Even Lillebø Opsal
Nestleiar	Asgeir Bakke
Kasserar	Øyvind Haugland
Medlemsansvarlig	Hans Thomas Solheim
Styremedlem	Siri Lund
Styremedlem	Tor Andre Myrstad
Varamedlem	Hans Inge Lien Vereide

Haugen IL har hatt desse undergruppene

- Alpin
- Fotball
- Friidrett
- Langrenn

### Møter

Hovudstyret hadde 8 møter i 2025 der nokre omfatta gruppeleiarane.

### Representasjon

Haugen IL er partseigar i Harpefossen Skisenter AS, Eid Idrettspark AS, AL Vårtun og muligens AL Solvang. Haugen IL er representert i Marit og Magne Dalseths minnefond, styret i Sogn og Fjordane Skikrins.

### Klenkarberget

Det blei gjennomført vanleg verrydding på anlegget samt ein ekstra innsats på friidrettsanlegget og sandbanene. Kunstdekket på friidrettsanlegget blei grundig reingjord for mose og anna skit. Diverre blei det heller ikkje denne sommaren arrangement på handballanlegget noko som er uheldig ettersom idrettslaget har ansvar for at anlegget skal brukast i samsvar med vilkåra for tildeling av spelemidlar. søknaden drift og vedlikehald av sandbanene.

### Klubbhuset

Rehabiliteringa av klubbhuset fekk fart i løpet av 2025 og blir ferdig innan fristen som er 6. juni 2026. Det er også gledelig at idrettskretsen tildelte oss 162 208 kr frå «Straumsmarte idrettsanlegg» for energieffektivisering av klubbhuset. Dette kjem i tillegg til 1,32 mill kr i spelemidlar og 250 000 kr frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, som dessutan står bak midlane til «Straumsmarte idrettsanlegg».

### Eid idrettspark

Eid idrettspark er eit samarbeid mellom Haugen IL, Eid IL, Heia IL og Stad kommune. Driftsutgiftene blir fordelt etter bruk og fotballgruppa vår betalte om lag 15.000 kr i 2024.

### Harpefossen skisenter

Det blir lagt ned mykje arbeid på skisenteret og dugnaden utgjer ein stor del av verdiskapinga. Før sesongstart var det fokus på vedlikehald av trasear og heisar. Den eldste fjellheisen blei også sett i drift.



# HAUGEN IDRETTSLAG

Skipa 1895 – 6770 NORDFJORDEID

Postboks 137  
6771 Nordfjordeid

<http://haugenil.no>  
[post@haugenil.no](mailto:post@haugenil.no)

## **Marit og Magne Dalseths minnefond**

Marit og Magne Dalseths minnefond er ei stifting oppretta i samsvar med Marit og Magne Dalseths vilje og som skal forvalte midlane etter dei. Idrettslaget er slik testamentet krev, representert i minnefondets styre. Minnefondet delar ut stipend til medlemmar i Haugen IL som har vist gode prestasjonar, er knytt til Haugen krins og som er under utdanning. I 2025 blei det utdelt stipend frå minnefondet til tre ungdommar, Ask Haughovd, Marte Bjørhovde og Trym Dalset Lødøen.

## **Idrettshall**

Idrettslaget har nedsatt ei gruppe som arbeider for ein idrettshall ved Haugen skule tilhøyrande idrettslaget i samarbeid med FAU og HDBUL. Grappa har landa på eit volleyballanlegg med kostnad rundt 23 mill kr som blei presentert på eit folkemøte i Vårtun 1. juni 2025. Etter dette har grappa arbeidd mest med finansiering og har kartlagt den lokale gjevargleda til 700 000 kr. I tillegg trengst det spelemidlar, midlar frå private fond ol, samt eigenkapital og eigeninnsats. Fullfinansiering føreset om lag 11 mill. kroner frå fond ol og dersom vi i løpet av våren får positive tilbakemeldingar om dette, blir det sendt ein søknad om knappe 6 mill kr i spelemidlar til hausten.

## **Rekneskapsføring**

Idrettslaget betalar relativt mykje for føring av rekneskapet og vurderar eit rimeligare alternativ. Styret vil gå i gang med dette når rehabiliteringa av klubbhuset er over. Til opplysning kan det nemnast at rekneskapet til rehabiliteringa går over to år og vil bli avslutta i 2026.

## **Økonomi**

Laget har god likviditet med ein eigenkapital pr 31.12.2025 på kr mot 1 774 795 kr året før

Laget hadde 330 betalende medlemmar pr 31.12.2025

Vi takkar alle frivillige for den store innsatsen i 2025 og vonar på eit framleis godt samarbeid.

Haugen 1.03.2026

Arild Lillebø Opsal

Asgeir Bakke

Øyvind Haugland

Hans Thomas Solheim

Siri Lund

Tor Andre Myrstad